

# HYRDINGEN

NR. 3

Juni 2014

ÅRGANG 56

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## *Emissær og bonde*



*Sjå side 4 og 5*

### Sideoversikt

Prosten har ordet .....	2
Redaksjonspennen .....	3
Historisk nasjonaldag.....	3
Med prest og klokkar til Fjellstøl .....	3

Ja til samanslåing .....	3
Portrett: Karl Einar Tvedt .....	4
Kyrkjelydstur til Israel .....	5
Konfirmantbilete .....	6 og 7
200-års jubileum .....	8

Konfirmantopplegget i Ølen og Bjoa..	8
Gudstenester og møter .....	10 og 11
Fire på bedehusfest 17. mai .....	12
For borna .....	12





#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen på konto: 3201.53.18049  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### SOKNEPRESTANE:

##### Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet, Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### Soknepresten i Skjold

Jon Adnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89  
Tlf. 53 65 57 94  
Mobil: 932 45 645  
jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes  
Tlf. 53 65 57 96

##### Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset, Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### Haugaland Prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Norodd Stavenjord  
Mobil: 97 76 57 18

##### Prostiprest Einar Andreassen:

Mobil: 971 08 788

##### Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

##### Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Rakel Årak  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjoa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Ottar Krakk

## Prosten har Ordet

Norodd Stavenjord



### Pinseunderet

I dei åra vi var i Kamerun mellom 1980 og 1990 undra eg meg mange gonger over at det er så mange språk der. Det vart sagt at dei hadde registrert minst 300 ulike språk ( ikkje dialektar) i landet, som den gongen hadde 14-15 millionar innbyggjarar. Ein skulle mest tru at det var der Babels tårn hadde vorte bygt og forvirringa følgde. Berre innanfor det feltet der NMS dreiv arbeidet sitt var det 45 språk. Eg bruka mest fransk, og litt av fulanispråket. Ofte hadde eg tolk atmed meg for å oversetja til lokalspråket. Nokre gonger var det jamvel to tolkar. Men meir enn ein gong tenkte eg at om folk skulle få tak i det eg sa i preikene mine, så måtte eg verkeleg lita på Den heilage ande.

På pinsedagen i Jerusalem hende det motsette av språkforvirring. Pilegrimar frå mange land med ulike språk skjøna med eitt det læresveinane sa om vegen til frelse. Den dagen var det ikkje tunge-

tale, men eit språkunder verka av Heilagan- den. Jesus heldt det han hadde lova:

*«Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Ju- dea, i Samaria og heilt til enden av jorda.»* Apostegjeringane 1,8. Slik vart den kristne kyrkja til. Den levande og oppstadne frelsaren Jesus Kristus sende si kraft til dei venene han hadde lært opp. Dei vart glade og oppglødde og gjekk med stort frimot inn i den store misjonsgjeringa. Den er vi og kvar ny kristen generasjon ansvarlege for å føre vidare, heilt til Jesus kjem att og det endelege Guds rike vert synleg. Lat oss tenkja på det når vi no skal feire pinse, og be om at den same gløden som var i dei fyrste kristne også kan fylle oss og kyrkjelydane våre. Vi har den største og beste bodskapen til alle menneske. Han som ga misjonsoppdraget, treng kvar og ein av oss for å bera dette vidare. God pinse!



**«Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne...»**

## Tradisjonsrikt stemne på fjellet Vikestøls møte 6. juli 2014

I tråd med ein 114 årig tradisjon vert det også denne sommaren invitert til stemne på Vikestølen, søndag 6. juli. Hovudmøtet tar til klokka 12:00, og i år vert det Steinar Skartland som skal tala og fleire er inviter- te til å syngja i møta. Det er god gangveg frå Vikebygd (fem kvarter) og frå Eikås på Bjoa (tre kvarter). Det vert også planlagt skyss opp for dei som ikkje har klarer turen på egne føter.

Det første lekmannsmøtet vart halde i år 1900 der kristenfolket i dei fem kyrkjelok- na: Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats samlast til felles stemnemøte på Vikestø-



len. Seinare har dette halde fram årleg. Eit styre med representant frå kvar av desse bygdene står ansvarleg og kallar inn, men møta er sjølv sagt for alle som vil komma, kor dei enn er frå. Kanskje også du som les dette vil ta turen i år?

## Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

### Å elska

Denne våren har landet feira grunnlova sin 200 års dag. Tradisjonen tru skjer feiring av grunnlovsdagen også i alle kyrkjene våre. Her kan det meldast om svært godt frammøte av festkledd folk. Det er meir enn ein tradisjon å gå til kyrk- je denne dagen. Dei kristne verdiane fekk vera med å byggja landet vårt og prega også grunnlova som vart laga på Eidsvoll. Det er gode verdiar.

Gud ga folket 'ei grunnlov' i 10 para- grafar. Ein lovkunnig ville setja Jesus på prøve og spurde: «Meister, kva bod er det største i lova?» Han svara: «'Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit'. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: 'Du skal elska nesten din som deg sjølv.' På desse to boda kvil- ler heile lova og profetane.»

Fekk du med deg ordet: 'Elska'? Dette er grunnlaget i den kristne tru og lære. Derfor kallar vi med frimod inn til guds- teneste, også grunnlovsdagen. Dette vil vi også at kyrkjebladet skal få minna alle heimar om.

### Takk

Når eg ser alt det flotte barne- og ung- domsarbeidet som er i Vindafjord så blir eg stolt. Tusen takk til kvar og ein av dykk som står på for dei unge. Nå har kyrkjelydane våre fått offentlege midlar og lyser ut ny stilling som fast medarbei- der. Dette vil styrkja arbeidet lokalt, men også krevja at det frivillige arbeidet held fram. Vi kjem med meir informasjon i neste nummer.

### Retting!

I sist nummer var det kome inn nokre feil om namn på medarbeidar i dåpsskulen i Skjold, og vi presiserer: Liv E. Mangrud hadde ansvaret for dåpsskulen. Ho var engasjert på timebasis og hadde med seg to frivillige til å hjelpa til. Dette var Else Gurine Alne Stople og Ingrid Sandvik. Tusen takk for flott innsats.



## Historisk nasjonaldag

Etter at 130 store og små hadde vore samla til gudsteneste i Vikebygd, heldt Rune Birkeland talen på grunnlovsdagen her. Den historiekunnige, tidlegare rektor og sjø- mannspresten, tok folket med på ei historisk reise frå tida før grunnlova vart til og framover. Talen vart avslutta med nedlegging av krans på minnestøtta over dei sjømen- na frå Austre Vikebygd som miste livet for Noregs fridom under den andre verdskrigen.

## Med prest og klokkar til Fjellstøl

Av Steinar Skartland

I påsken vil folk gjerne ut i naturen. Sokneprest Harald Eintveit hadde kome i forkjøpet og kunnigjort gudsteneste på Fjellstøl i Sandeid, Palmesøndag. Og skal det vere gudsteneste så skal det gje- rast skikkeleg. Alterduk med lys møtte 25 turfolk og kyrkjelyd når dei sessa seg på benkjene inne i varmeytta.



Kyrkjetenar Olav Eikeland heldt på tradisjonen. Gudstenesta skulle ringast inn. Ei stor kubjelle gjorde tenesta der han opna hyttedøra og let klangen ljoma utover turområdet. Orgel var her ikkje, men flokken stemde i på påskesalmane med presten si bassrøyst som leietone. Klokkar Einar Grønstad las tekstar og kunnigjeringar og presten minna folket på påska sin bodskap. Det var godt å få koma saman om Guds ord som starten på

ei veke der Jesu namn var framme mange gonger i dei kristne samanhengane.

Det sosiale er også viktig ein slik stad. Kaffi og kaker kom på borda og folk kunne nyta fellesskapet i varmeytta et- ter gudstenesta. Nokre få kunne så ta til fots oppover til Olalia etterpå, men dei fleste var kome for gudstenesta og sette kursen heimover til middagsbordet.

## Ja til samanslåing

Av Steinar Skartland

Det har nå vore soknemøte og røysting i fire kyrkjelokn om prøve-samanslåing. Det var ikkje dei store folkevandringane til kyrkjene når saka skulle opp, men i alle møtene vart det fleirtal for å søkja sa- man: Ølen med Bjoa og Vikebygd med Skjold. Nå skal sokneråda laga søknader

som skal til uttale hjå sokneprest, felles- råd, kommunen, prost og bispedømme- kontor før saka kan handsamast av Kon- gen i statsråd, fortel Ottar Krakk i Skjold og legg til at framover nå vil sokneråda ha uformelt samarbeid på tvers som før. Det er soknerådsarbeidet som skal reindyr- kast og t.d. barnekor skal haldast utanfor samanslåinga.



## PORTRETTE

# Karl Einar Tvedt: Emissær og bonde

Av Arne Borgemyr

«Ein såmann gjekk ut for å så...». Slik startar ei av Jesu sine likningar. Denne setninga høver også for Karl Einar Tvedt. Etter 37 år fekk han Det kongelige selskap for Norges Vel si medalje for lang og tru teneste som emissær i Indremisjonen. I mange av desse åra har han kombinert å så ut Guds Ord med å drive gard heime i Ølensvåg der han har sått frø i jorda.

Karl Einar vaks opp på gard og var den næraste til å ta over odelsgarden. Men slik vart det ikkje. Han kjende på eit kall til å reise ut med Guds Ord. Difor sa han frå seg garden og overlèt han til broren.

### Utdanning

Etter ungdomsskule tok Karl Einar eit år på Framnes ungdomsskule. Deretter vart det også eit år på Indremisjonen sin bibelskule. Han har alltid hatt lyst til å drive gard, og difor tok han agronomutdanning på Lyngdal jordbruksskule.

### Oppvekst og forkynnarkall

Karl Einar fortel om oppveksten sin.

– Eg vaks opp i ein kristen heim og hadde også kristne besteforeldre, og det sette seg nok fast, ikkje minst at farfar var predikant. Og sjølv om eg ikkje opplevde han så mykje, gjorde det nok mykje til at eg hamna i den same gata som han. Eg blei nok også bedt for meir en eg var klar over, legg han til og fortel at det var ei tid han ikkje var heilt bevisst i si kristenru sjølv om han alltid ville vere ein kristen. – Det var tidleg i skuleåret på Framnes at eg vitna om at eg var ein kristen, det hadde eg ikkje gjort før. Han røper at han av og til i oppveksten gjekk på møte på Lundeneset for å sjå på jentene!

Forkynnarkallet kom som ei indre overtiding. Eg tok etter kvart eit initiativ til å kome inn i tenesta og tok til i Indremisjonen der farfar hadde vore forkynnarnar.

Eg spør Karl Einar om det er eit bibelord som har vore særleg viktig for han. Han viser til Johannes ev kap. 17,3. og kap. 1,12 og: *Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei*



som trur på namnet hans. – Det står *alle*, og då får eg også rekne meg med der.

### Emissær

Karl Einar har reist på Sør- og Vestlandet. I 3 år var han og Torunn stasjonert i Vadsø i Finnmark. Som predikant var han oftast borte i 3 veker i samanheng før han fekk fri frå måndag til fredag. Når me samtalar om dette, kjem Torunn til orde: - I løpet av 15 år var det bare ei

påske at Karl Einar var heime med oss i familien. Elles måtte eg vere åleine med ansvaret for jentene!

Det å vere emissær står ikkje like høgt i kurs hos alle, men for Karl Einar har det vore ein heiderstittel. – Emissær, kva betyr eigentleg ordet? Det er sendebod med fullmakt! Eg kan eigentleg ikkje vere noko større, seier han.

Tenkjer du på kva du har fått utretta i tenesta di? – Sjølv sagt har eg tenkt my-

### Karl Einar Tvedt

- Fødd i Ølensvåg 29.07-1951. Odelsgut
- Framnes ungdomsskule 1968/69
- Indremisjonen sin bibelskule 1969/70
- Lyngdal jordbruksskule 1970-72. Agronom. Gifta seg i 1973 med Torunn. Fest på Brandøy
- Har 5 døtrer og 11 barnebarn
- Starta i heilårsstilling som forkynnarnar i 1974 i Vestlandske indremisjonsforbund.
- Pakta nabogard i 1996 og vart halvårsarbeidar i misjonen. Kjøpte garden 3 år seinare
- Slutta som lønna forkynnarnar i 2011. Fekk då Norges Vels medalje for lang og tru teneste etter 37 års teneste i Indremisjonen
- Driv no garden med 25-30 mjølkekyr og ungdyr.

kje på det, seinast i dag, kjem det spontant. – Eg har ikkje opplevd store vekkingar som kunne vere med å stadfeste tenesta. Men eg får tru at eg har fått vere med å så Ordet og gitt folk oppmuntring, trøyst og formaning i kristenlivet. Eg er nok ikkje evangelisten, er nok meir læreforkynnarnar.


### Familie

Karl Einar og Torunn gifta seg i 1973. Etter kvart fekk dei 5 jenter. No har dei også 11 barnebarn. Særleg ei av dei som heiter Engeline vil gjerne vere med besten i fjøset og møte dyra. Nokre av barnebarna bur alt for langt borte, men dei har fleire på Karmøy og i Sagvåg.

### Bondeliv

Etter 15 år som fulltidsforkynnarnar vart Karl Einar halvårsarbeidar og gjekk over til å reise bare vinterhalvåret. Då pakta han og Torunn nabogarden som dei snart kjøpte. Karl Einar satsa på ny driftsbygning og nydyrking. No har dei 25-30 mjølkekyr i tillegg til ungdyr. Han har mjølkekvote på 180.000 liter og dyrkar over 200 mål jord. Karl Einar understrekar at det ikkje hadde gått å kombinere reising og gardsbruk utan at byjenta Torunn stod saman med han i kallet og tok ansvar heime. Torunn utdanna seg til sjukepleiar i vaksen alder, og for at ho skulle få høve til å praktisere faget sitt, slutta han som lønna forkynnarnar i 2011.

Karl Einar blir 63 år til sommaren, og eg spør til slutt kor lenge han vil halde fram som bonde. Svaret eg får, er på emissærvis: - Til Gud sender ein som kan ta over!



## Fleire må melde seg på!

–Kyrkjelydstur Israel og dei palestinske områda

5.-15. oktober 2014

Av Johannes Nedrelid

På grunn av dårlig oppslutning om turen står den i fare for å bli avlyst. Vi ber derfor om at dei som ønsker å vere med på turen melder seg på innan fredag 14. juni, slik at det er mulig å arrangere tur.

Dersom vi ikkje då når talet vi treng (25 personar) for å arrangere turen, blir den avlyst. Kontakt soknepresten i Ølen på tlf. 926 55 651.





# Konfirmantar 2014

## Ølen



Øyjord Foto

Fremste rekke frå venstre mot høgre: Therese Lunde, Tove Steinsland, Maren Opheim, Rikke Heggebø, Ingrid Tvedt, Maria Kristin Garatun, Sara Rossebø Svanæs, Kristine Hodnemyr Pedersen, Heidi Stople, Marta-Luise Poulsen, Siri Hundhammer, Angelica Berge. Rekke nr. 2: Anbjørn Dyngeland, Helene Landa Skaar, Kirsti Gravelseter Berge, Kine Aarvik, Tor Henning Bjordal, Andreas Berge, Thomas Matre, Thor-Andre Jensen Gjerdevik, Sylfest Brændholen Ivesdal, Kristin Heggebø Kambe, Linn Mari Hovland, Roy William Haugland. Rekke nr. 3: Emil Vikse Eikesdal, Andreas Håvik Storvik, Per Johannes Formo, Leif Martin Kvamen, Sander Grønstad, Aleksander Habbestad, Johan Lillemo, Brede Mannes, Herman Helgesen, Erlend Podhorny Økland, Odin Klungland, Håvard Stople, Sander Totlandsdal, Asbjørn Tronstad.

## Imsland



Fotograf Nordveit

Venstre rekke framme: Kamilla Hustveit, Madelen Staurland, Hanna Imsland Mo, Lena Haugland Rønnevik, Lisa Marvik, Kamilla Staurland. Venstre rekke bak: Torjus Imsland, Johannes Staurland, John Ståle Sæle Kaldheim

## Bjoa



Øyjord Foto

Fremste rekke frå venstre mot høgre: Signe Naustdal, Christina Vik, Ida Knutsen, Malene Åsbø, Solvor Vee Sandsgård. Rekke nr. 2: Isak Håvarstein Lothe, Svein-Torgar Paulsen Oland, Simon Svendsbø.

## Vats



Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Trine Stokkevåg Tollefsen, Monika Skrunes, Linn Sunniva Strand Eikeland, Jessica Viana. Andre rekke frå venstre: Kristin Vestre Skree, Alvhild Nordtveit, Ida Louise Wollertsen. Bak frå venstre: (sokneprest Jon Ådnøy), Ole Vegard Nordhus Døvik, Sondre Selsaas, Simon Olsen, Mandius Stokland, Marin Stokland, Sondre Aksland. Cedrik E. Mballow var ikkje til stades då bilete blei teke.

## Vikedal



Fotograf Nordveit

Bak frå venstre: Runar Leite Frøland, Thomas Hundseid Eikeland, Daniel Roda Espevoll, Vegard Torstenbø, Johannes Cruys Magnus, Sverre Håland Hundseid, Sindre Ræstad Selland, Jan Sverre Staurland, Bård Adrian Staurland. Framme frå venstre: Marte Westheim Søyland, Karoline Aarekol, Thea Helgesen, Kine Aksdal Lindhjem, Maria Hallingstad Vikedal, Kristina Grimaas Bakkedal, Ingvild Katrine Langhelle, Sokneprest Harald Eintveit.

## Skjold



Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Onar Ohm Børretzen, Anette Grunnaleite, Oda Marie Skjølingstad, Karoline Hustoft Nesheim, Camilla Vestre, Signy Nonslid, John Harold Amundsen. Bak frå venstre: (Sokneprest Jon Ådnøy), Leif-Emil Nesheim Thomassen, Andreas Nonslid Håvardsen, Joakim Hustvedt, Ingvald Hansen, Kristian Fagerland Frøyland, Brede Tangen, Theodor Førland.

## Vikebygd



Ørjan Bruland Hansen, Kristian Bjørnevik, Marita Koltveit og Maren Olsen, her saman med sokneprest Jon Ådnøy.

## Sandeid



Fotograf Nordveit

Bak frå venstre: William Veim, Fredrich Bakkedal Bjelland, Johannes Huseby Ihle, Håvard Rørtveit, Vegard Kambe, Fredrik Henriksen Leite, Oliver Matre Hille, Ole Andreas Apeland. Framme frå venstre: Mira Helgevold, Runa Kvinnesland, Dina Kvinnesland, Marlèn Rørtveit Rødne, Sokneprest Harald Eintveit.



# Heile Noreg feira 200-årsjubileum for grunnlova den 17. mai

Av: Arne Borgemyr

Det var ei avgjerande hending at Noreg fekk si eiga grunnlov i 1814. Før det hadde me vore under ein eiveeldig danskekonge. Grunnlova bana vegen for eit sjølvstendig land der makta går ut frå folket. Sjølv om det i 1814 vart union med Sverige med felles konge fram til 1905, tok det sjølvstendige Noreg form utover frå 1814. Grunnlova var oppsiktvekkande på mange måtar i si tid sjølv om det var mykje som sidan er blitt endra. Stortinget fekk stor makt, og prinsippet om maktfordeling mellom lovgjevande, dømmende og utøvande makt vart slått fast som grunnleggjande for å sikre borgarane mot vilkårleg behandling.

Landet sitt verdigrunnlag står i § 2. I 1814 starta paragrafen slik: «Den evangelisk-lutterske Religion forbliver Statens offentlige Religion. De Indvaanere, der bekjende sig til den, ere forpligtede til at opdrage sine Børn i samme...».



Segl og signaturar på Grunnlova.

Noreg er no blitt eit meir pluralistisk samfunn, og den nye §2 speglar dette slik: «Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv. Denne grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene».

Vi kan vere stolt av grunnlova og landet vårt. Den eineståande feiringa me har

av den 17. mai med barna i sentrum, blir lagt merke til utover i verda. Noreg har gått frå å vere eit fattig land til å bli eit av dei beste og rikaste i verda. Det er all grunn til å syngje: «Norske mann i hus og hytte, Takk din store Gud!» Lat oss også vende blikket utover og syne solidaritet med dei som ikkje har det så godt som oss!

## Tre ulike valg Konfirmantopplegget i Ølen og Bjoa

Fortald av Johannes Nedrelid

Dette året har vi prøvd ut eit nytt opplegg der det vore mogleg å velja meir for konfirmantane, fortel sokneprest Johannes Nedrelid. Halvparten av konfirmantundervisninga har vore felles for alle konfirmantane. For resten av undervisninga har der vore 3 ulike val, der vi også har hatt samarbeid med Skjold, Vats og Vikebygd.

Ein del av konfirmantane valde å reisa på konfirmantleir til Etne i påskeveka. Det er eit opplegg som Normisjon og Bjørgvin bispedømme samarbeider om. Eit stort arrangement med ca 350 deltakarar + leiarar. Ei anna gruppe valde å følgja Norsk Luthersk Misjonssamband sitt konfirmantopplegg.

Den tredje, store gruppa valde modell med konfirmantleir på Solgry, eit par undervisningskveldar saman med Skjold,



Roy William Haugland, Andreas Håvik Storvik, Aleksander Habbestad, Sander Grønstad, Kristin Heggebø Kambe, Heidi Stople og Rikke Heggebø.

Vats og Vikebygd og arbeid i grupper. Dei fekk tilbod om tre alternative grupper: Friluftsgruppe, ei formings- og teikningsgruppe og ei meir praktisk gruppe. Friluftsgruppa var på to turar i haust. Formingsgruppa og den praktiske gruppa har hatt samlingar gjennom haust og vinter, der formingsgruppa m.a. laga julekort til dei som bur på omsorgsenteret i Ølen.

Gruppa med praktisk arbeid har baka bollar til kyrkjekaffi (bilde) og vore med å lage hyggetreff på omsorgsenteret i Ølen. På leiren saman med Skjold. Vats og Vikebygd på Solgry i februar var "Boda" tema. Vi hadde trusvandering, undervisning, gudsteneste og sjølvsgatt leik, moro og fellesskap.

## ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til Lundeneset

**Hjemmefra, men ikke alene**  
Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS

**Knapphus Bil**

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knapphus Dekk & Bilverksted**

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank SR-BANK**

**joker**

**Vikebygd Landhandel AS**  
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

**GRAVSTEIN**

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**  
Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**BLOMAR TIL GRAVFERD**

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

**Ølen Blomster**  
Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)

**Primærtjenesten Bjoa AS**  
Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted  
TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## FRÅ KYRKJEBOKA

### ØLEN

**Vigde:**  
10.05. Vibeke Berge og Thor Egil Gunderstad

**Døyppte:**  
20.04. Lilly Vestbø  
20.04. Ida Emelise Sondenå-Maage  
25.05. Liva Tungesvik Helgeland  
25.05. Sara Vestbø Østenstad

**Døde:**  
27.03. Karl Søder Hvidsten f. 1924  
19.04. Einar Halleland f. 1930  
08.05. Marie Teresie Klungland f. 1921  
12.05. Maria Helle f. 1934

Ingen hendelser i Bjoa

### VIKEDAL

**Døyppte:**  
30.03. Endre Stople Enge  
20.04. Siren Krokedal

**Døde:**  
14.03. Mary Johanne Hallingstad f. 1936

### IMSLAND

**Døde:** 14.04. Alv Langeland f. 1938

### SANDEID

**Døde:**  
22.03. Solveig Miljeteig f. 1926  
22.03. Tor Magnus Toresen f. 1958

### VIKEBYGD

**Døde:** 11.05. Laura Tørresen f. 1933

### SKJOLD

**Døyppte:**  
16.03. Leah Dagsland  
20.04. Theo Blikra Kalstveit  
27.04. Mari Meland  
27.04. Maya Lundegaard Eikjeland

**Døde:**  
14.03. Borgny Seselie Svendsen f. 1922  
20.03. Marta Frøyland f. 1923  
21.03. Svein Sigbjørn Frøyland f. 1944

### VATS

**Døyppte:** 13.04. Adelen Kleppe Larsen

**Døde:**  
04.04. Klara Grindheim f. 1919  
28.04. Berge Egil Nising f. 1949



Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>8. juni</b> Pinsedag Joh 20,19-23	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Høgtidsgudsteneste, Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet <b>Imsland kyrkje kl. 19.00</b> Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Normisjon <b>Vikebygd kyrkje kl. 16.00</b> Nattverd Takkoffer: Acta	
<b>15. juni</b> Treeiningssundag Matt 28,16-20	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Institutt for sjelesorg	<b>Vats kyrkje kl. 17.00</b> Nattverd Takkoffer: Livets Tre	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b>
<b>22. juni</b> 2. s. i treeiningstida Matt 3,11-12	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd. Dåp. Takkoffer: Blå Kors	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b>
<b>29. juni</b> 3. s. i treeiningstida Jes 25,6-9	<b>Imsland kyrkje kl. 11:00</b> Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Normisjon		
<b>6. juli</b> 4. s. i treeiningstida Mark 10,17-27		<b>Vats kyrkje kl. 12:00</b> Gudsteneste Takkoffer:	<b>Ølen kyrkje kl. 10:00</b> Takkoffer:
<b>13. juli</b> 5. s. i treeiningstida Matt 7, 15-20		<b>Skjold kyrkje kl. 11:00</b> Gudsteneste. Takkoffer: <b>Vikebygd kyrkje kl. 11:00.</b> Takkoffer:	
<b>20. juli</b> Aposteldagen Luk 5, 1-11	<b>Vikedal kl. 12:00</b> Roots-festivalgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	<b>Vats kyrkje kl. 10:00</b> Takkoffer:	
<b>27. juli</b> 7. s. i treeiningstida 1 Mos 16,1-13	<b>Imsland kyrkje kl. 12:00</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kirkens Bymisjon		<b>Ølen kyrkje kl. 10:00</b> Takkoffer:
<b>3. august</b> 8. s. i treeiningstida Matt 6, 19-24	<b>Vikedal kyrkje kl. 10:00</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja		<b>Bjoa kyrkje kl. 12:00</b> Takkoffer:
<b>10. august</b> 9. s. i treeiningstida Matt 11,28-30	<b>Sandeid kyrkje kl. 10:00</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	<b>Skjold kyrkje kl. 12:00</b> Takkoffer:	
<b>17. august</b> 10. s. i treeiningstida Luk 5,27-32		<b>Vats kyrkje kl. 11:00</b> Takkoffer: <b>Vikebygd kyrkje kl 11:00.</b> Takkoffer:	
<b>24. august</b> 11. s. i treeiningstida Matt 23,37-39	<b>Motorbanen kl. 12:00</b> Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer: Konfirmantarbeidet Kyrkjekaffi.	<b>Skjold kyrkje kl. 11:00</b> Takkoffer:	<b>Ølen kyrkje kl. 18:00</b> Takkoffer:
<b>31. august</b> 12. s. i treeiningstida Nehemia 9,19-21	<b>Imsland kyrkje kl. 11:00</b> Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Vats kyrkje kl. 11:00</b> Presentasjon av konfirmantane 50- års konfirmantane Takkoffer:	<b>Ølen kyrkje kl. 11:00</b> Takkoffer:
<b>7. september</b> 13. s. i treeiningstida Matt 25,14-30	<b>Sandeid kyrkje kl. 11:00</b> Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon Gullkonfirmantane innbedne. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Skjold kyrkje kl. 11:00</b> Presentasjon av konfirmantane 50-års konfirmantane Takkoffer: <b>Vikebygd kyrkje kl. 17.00</b> Presentasjon av konfirmantane 50-års konfirmantane Takkoffer:	<b>Bjoa kyrkje kl. 17:00</b> Takkoffer:

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

**Imsland Kyrkje**  
12.06 kl. 18:00: Misjonsstemne NMS  
Talar: Jens Tveit. Syng og spel deltek.  
Enkel servering i det Gamle Bedehuset

**Ilsvåg Bygdahus**  
26.07 kl. 19:30: Basar for NMS. Andakt v/Jerns Stangeland

**Brandøy Ungdomsheim**  
05.06 kl. 19:00: Basar på Brandøy.  
17.08 kl. 11:00: Brandøydagen. Middag / kaffiservering.  
Ettermiddagmøte  
21.08 kl. 18:00: Misjonsstemne NMS for Bjoa, Ølen og Etne

**Kyrkjetunet**  
04.09 kl. 11:00: Torsdagstreff Kyrkjetunet  
Diakoniutvalet, Ølen sokneråd  
Sjå program på [www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)



**Uthjoa bedehus** 04.07 kl. 18:00: Basar NMS

**Øvre Vats bedehus**  
13.08 kl. 19:30: Møte NMS  
03.09 kl. 19:00: Songkveld.  
Andakt og info om Gideon-arbeidet v/Knut Gabrielsen.  
LOFTSMUSIKKEN frå Åkrehamn. Mat og kaffi  
11.09 kl. 18:00: Bedehusbasar

**Vikebygd bedehus**  
23.08 Basar for Den Norske kyrkja i utlandet  
(Sjømannsmisjonen)

**Vågen bedehus**  
Bønnemøter desse onsdagane kl. 19:30:  
11.06, 18.06, 20.08, 27.08, 03.09, 10.09.  
08.06 kl. 11:00: Møte  
22.06 kl. 19:30: Møte. Tale v/Georg Mork  
24.08-26.08: Opningshelg. Talar: Kjell Haaland  
Møte fredag kl. 19:30, laurdag kl. 11:00 og kl. 18:00 og  
søndag kl. 11:00


**Lundeneset vidaregåande skole**  
Sommertreff på Lundeneset  
25. – 29. juni for elevar i  
8. klasse t.o.m. 1. kl. i vgs.  
Meir info og påmelding, sjå  
[nlm.no/sommertreff/lundeneset](http://nlm.no/sommertreff/lundeneset)



**Økonomien vår!** Takk til dei som har nytta giroen i nr 1 til bladpengar. Kyrkjebladet er avhengig av at dei som mottek bladet betalar inn litt kvar. Du bestemmer sjølv kor mykje. Statistikken syner at det berre er 18% av giroane som er nytta til bladpengar eller støtte til bladet. Om nokre få til nyttar kontonummeret nederst her, klarer vi å dekkje kostnadane med bladet.



Neste nr av Hyrdingen kjem ut 4. september  
Frist for innlevering av stoff er 11. august.



**2. - 6. juli er det leir på Lundeneset for dei som er godt vaksne**  
Tale og song: Odd Dubland og Gunar Oseng  
Opne møte for folk frå distriktet. Program blir annonsert.  
Informasjon (og ev. innmelding for overnatting):  
Lundeneset VGS, 5582 Ølensvåg, tlf.: 53 77 51 00

**6. juli Vikestøls møte kl. 12:00**

**Vats skule – Haustmarknad**  
27.09 kl. 11:00 vert det planlagt marknad for nytt bedehus/soknehus. Loppemarked. Har du lopper, ta kontakt med Karin Kolteit, mobil 994 45 694 eller Yngve Stødle mobil 996 19 427.

**Skjold kyrkje**  
Det er planlagt ei kursrekke i dagane 16. og 30.10 og 13.11 med tema "Ta vare på deg sjølv og andre". Kursleiarar: Aud Vihovde Hoftun og Gjermund Lygre. Info om påmelding m.m. i neste nr.

**Auksjon og loppemarked i Vikedal**  
Laurdag 02.08: Auksjon for nytt kyrkjelydshus og loppemarked. Me er takksame for lopper. Kontaktpersonar: Herdis Pedersen, mobil 472 53 001, Bjarne Hjelvik, mobil 471 73 825, Anne Marie Reimers, mobil 479 05 491, Tone S Andreassen, mobil 917 06 979.

Bladpengar og støtte til Hyrdingen, bruk konto: 3201.53.18049

# 4 på bedehusfest 17. mai

Tradisjonen tru vart det skipa til bedehusfest i Vågen den 17. mai. Det var natureleg nok eit nasjonalt program, prega av at landet feirar 200-årsjubileum for grunnlova. Forsamlinga talde om lag 35 menneske, dei fleste godt vaksne! Hyrdingen sin utsendte snakka med nokre av dei i pausen.

Av: Arne Borgemyr

## Trygve Sandvik frå Skjold

Den spreke 90-åringen var festtalar og klarte ennå ein gong å engasjere sine tilhøyrarar.

Tidlegare på dagen hadde han appell ved minnestøtta ved kyrkja i Skjold. - Eg fekk eg meg mat på bygdahuset der eg og fekk høyre på ein veldig god tale av Gunnar Listog. Eg må få tak i manus, for eg høyrde ikkje alt så godt! Han avslutta dagen med tale i Vågen og seier: «Her er godt å vere».



## Bernt Berntsen frå Ølensvåg

Han og kona Britt starta feiringa i kyrkja, så gjekk dei i tog i Vågen. Det var veldig kjekt å vere saman med 3 barnebarn denne dagen. Han meiner 200-årsjubileet gir oss ein viktig repetisjon av historia., noko som hjelper oss å sjå framover. Dei kom til bedehusfesten for å få ei kristen avslutning av dagen.



## Magnhild Tvedt frå Ølensvåg

Magnhild bur no i omsorgsbustad i Ølen. Ho hadde 88-årsdag den 19. mai. Me gratulerer! Den 17. mai spiste ho graut og spekemat på sjukeheimen. Ho har alltid feira dagen med tog og samling på skulen der ho husker at ho sprang i sekk. Men ikkje i år! Ho syntest det var einestående å få vere med på bedehuset og høyre på Sandvik.



## Margot Ivesdal frå Ølen

Eg starta feiringa kl. 10. Først såg eg på barne-toget og var oppe på omsorgssenteret der 1. - 4. klasse song og to ungdommar heldt tale. Så var eg i kyrkja. Feiring av grunnlova er viktig, lova bygger vel i grunnen på Bibelen. Så er det tradisjon å kome til bedehusfest i Vågen om kvelden!



# Kryssord

(Bokmål)

Vannrett:

1. Sven Olsen
3. Sønn
4. Mesterskap
5. Forsynt
8. Maling
9. Anna Sture
10. Firkanter
12. Drikk
13. Fugl
14. Guttenavn
15. Tømmermann
17. Guttenavn
18. By
19. Ujevnt

Loddrett:

1. Lurer seg forbi
2. Store husdyr
3. Guds sønn
4. Enstøing
5. Gal (eng.)
6. Mote
7. Tall
8. I parken
11. Høflig
16. ...-to-tre
20. Retning

Løysing på:  
[www.hyrdingen.no](http://www.hyrdingen.no)



For Børna

## Finn fem feil

Dei to bileta av Jesus som syner seg for læresveinana etter oppstoda er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Franfou

